

www.ShowMeLove
av Marit Eikemo

Før eg kom inn døra, hadde han sendt meg ei melding: «Takk for dansen. Håper du ikkje angrar neste gong du ser meg». Eg myste mot profilbildet hans. Var det sånn han såg ut? Terje? Bildet av mannen med solbriller og det store smilet hjalp ikkje på det grumsete minnet mitt. Heller ikkje dei 132 felles vennene våre. Eg støtta meg med handa til veggen i gangen, usikker på om rusen var på veg opp eller ned. Kven har sagt at det blir ein neste gong, tenkte eg og godtok venneforespørselen hans. Eg spente av meg skoa og slepte meg inn på soverommet der eg kasta meg ned på senga med alle kledda på, og sånn sovna eg: Mobilen i handa og 1567 venner på Facebook, ein meir enn dagen før.

Då eg vakna, hadde eg ei gammal kjensle i hovudet og ei ny lukt på huda. Eg snuste på armane og hendene mine, som ein sporhund, og det begynte å demre: Vi var dei siste igjen på festen, eg og denne Terje, som eg aldri hadde sett før. Alle dei andre hadde gått, men vi dansa berre vidare, som om vi hadde funne ein rytme ingen av oss visste vi hadde i oss. Og då det lysna av dag, låg klede strødd rundt kroppane våre på golvet. Eg kunne ikkje på mitt bare liv hugse kva som blei sagt eller gjort, som utløyste dette rotet. Eg må ha blacka fullstendig ut. For 15 år sidan ville eg tenkt at det er sånt som skjer, men ikkje no. Sånt skjer ikkje lenger. Eg fekk det travelt med å samle saman tøyet og komme meg inn i ein taxi. Då hadde lukta hans allereie festa seg på huda mi og følgde meg inn bilen, heilt heim, gjennom søvnen og inn i denne dagen.

Kva slags lukt var det? Eg veit berre at den var *ny* og at den gav frå seg små støyt i magen når eg kjente på den, som små signal frå nasen til resten av kroppen og vidare til minnet. Lukten på huda minte meg om noko. Eg blei tørr i munnen – var det lukten av noko... intimt? Korleis kunne eg vite det? Korleis kunne eg skilje det eine frå det andre i min tilstand? Men eg hugsar klart og tydeleg at det var ein vilje mellom oss, at vi ville noko med kvarandre. Det dunka i brystet då eg tenkte på det, og eg kjente etter med handa i nakken, strauk forsiktig over den følsomme huda der - og klemte til. Sånn var det, ei sterk og fast hand i nakken. Eg

Teksten er skrevet på oppdrag fra BEK - Bergen senter for elektronisk kunst - med utgangspunkt i den formidable teknologiutviklingen de siste 20 årene, og som BEK tematiserer i forbindelse med sitt 20-års jubileum i 2020. Teksten er publisert som del av utstillingen *Den latente byen* med tilhørende program. Les mer på bek.no

Eg sjekka Facebook-profilen hans. Det var ingenting med bildene hans, eller innlegga hans, som kunne forklare det som hadde skjedd, eller den kjensla eg hadde i kroppen. Det må ha vore ei misforståing, tenkte eg, og gjekk inn på badet. Eg hadde ikkje sett han før fordi eg ikkje hadde sett han. Vi har tross alt budd i den same byen i årevis, studert ved det same universitetet med mange felles venner. Eg gjekk inn i den varme dusjstråla og skylte bort restane frå natta. I alle dei år har Terje gått under min radar; kvifor skulle han plutsleg dukke opp i synsfeltet mitt no? Og kvifor skulle vi ende opp i kvarandre sine kroppar på golvet på eit nachspiel!

Eg er for gammal til dette, tenkte eg. Eg surra handkledet rundt hovudet og smurte kroppen inn med min vanlege bodylotion. No var det berre mi lukt igjen på huda, ingen fleire distraksjonar, no måtte denne dagen snart komme i gang, eg hadde ikkje tid til dette! Eg burde vite av lang erfaring, at ein slik kveld tar det to dagar å komme seg etter. Eg tok eit par Paracet for å dempe dunkinga i tinninga, men det var meir. Pillene hjalp ikkje mot den eskallerande uroa i kroppen. Det dunka over alt, i halsen, i brystet, i underlivet. Eg gjekk inn på kjøkkenet og las meldinga hans ein gong til. Han håpa at eg ikkje ville angre. Han var sikkert ein grei fyr, som kunne sende ei slik vennleg melding, men han var absolutt ikkje min type. At han likevel hadde fått meg så lett på rygg, måtte eg skrive av på ein anna konto. Var det kontoen for anger?

Det hadde ikkje vore noko å angre på den kvelden, før eg traff han. Det er ikkje kvar helg eg er på fest lenger, men den kvelden var eg i siget. Alt stemte. Eg var blant venner, eg drakk vodkashots og hadde gode kommentarar til venstre og høgre. Men det er ei hårfin grense, det veit alle, mellom å vere på topp og plutsleg kave rundt på golvet med ein mann du ikkje eingong veit om du liker, utan den villaste idé om kva som skjedde.

Eg såg at han hadde vore på Facebook sidan 2012. Med tanke på alderen hans, fødd 6. mars 1975, er 2012 ein lovleg sein Facebook-debut. Sannsynlegvis stritta han imot lenge, før han omsider, kanskje etter press frå venner og familie, kraup til korset Han har aldri blitt heilt fortruleg med dette mediet, såg det ut som. Han var ikkje typen som legg ut oppdateringar kvar veke, og godt var det! Det er nok av dei som rykker ut med nye oppdateringar kvar gong dei skal ete: Sjå kva eg har til middag, sjå kva eg har til kvelds! Eller som kvar gong sola viser seg, må vifte med føtene framfor kamera. Det var faktisk eit par nakne sommarføter blant bildene hans også, og då eg såg dei gjekk det eit grøss gjennom meg. Det var berre nokre timar sidan eg hadde sett dei same nakne føtene på golvet på nachspiel. Eg la handa på kinn

og kjente at eg var varm av sjenanse. Eller var eg flau fordi han var ein sånn fyr som posta nakne føter på Facebook?

Kva slags fyr var han? Eg hugsa at eg drog han inn i dansen til meg. Det var eg, det måtte eg nesten berre innrømme, som hadde fått det til å skje. Men såpass kjente eg meg sjølv, eg får ikkje ting til å skje med mindre eg sener at det er ei opning. Viss det er ei opning inn til eit anna menneske, blir eg dradd inn dit, som magnetisme, då må eg inn til det mennesket, eg vil vere saman med det mennesket. Eg hadde ikkje lagt merke til han før han snakka direkte til meg på dansegolvet. Han berre stod der og sa at han likte rørslene mine. Eg tenkte at det var ein litt pussig ting å seie, men det var noko med augo hans også, og når sant skal seiast likte eg rørslene mine sjølv den kvelden. Og så strekte eg ut handa og drog han med inn i dansen til meg. Og der kunne det ha stoppa. Vi kunne ha dansa songen ut og gått kvart til vårt, som andre vaksne folk sikkert ville gjort, men eg må ha likt rørslene hans også, for kroppane våre slapp ikkje taket i kvarandre.

Eg kunne sjå at han ikkje dreiv med overdriven publisering av egne barn, heldigvis. Men også det er ei hårfin grense. Er det ikkje nesten litt påfallande med dei som aldri viser fram bilder av ungane sine? Dei få bilda av barnet hans, så vidt eg kunne sjå var det berre eitt barn, såg ut til å vere gamle, og faktisk også berre bilder som andre hadde tagga han i. Han hadde ikkje aktivt lagt ut egne bilder av barnet sitt! Det var heller ikkje bilder av mor til barnet. Eg antok derfor at forholdet må ha tatt slutt før facebookdebuten. Kanskje var brotet også ein direkte årsak til at han oppretta profilen akkurat då, i 2012? Han hadde ikkje hatt behov for Facebook før. Han hadde eit familieliv, trudde han. Etter at sorga over samlivsbrotet begynte å legge seg, forstod han kanskje at han måtte ta grep og komme i kontakt med folk igjen, vere der ute blant dei levande, og så kom han seg på Facebook, han og, eller fjesboka, som mange hadde lagt seg til å kalle det, deriblant han, såg eg.

Sjølv var eg sikker på at Facebook var utløysande årsak til mitt eige samlivsbrot. Eg var nagla til Facebook seint og tidleg mens mannen min, Stian, hadde ti – tolv spel gåande på mobilen sin, ofte online med andre folk. Den eine var ikkje betre enn den andre. Vi var begge opptatt med andre folk, andre stader. Eg sleit meg gjennom dagane og brukte kveldane på Facebook. Då vi begynte å krangle om kven som var den mest fråverande av oss, sa eg at eg hadde fellesskapets interesse i tankane når eg var på nettet, i motsetnad til han. Eg søkte etter møbler

og hus og hytter på Finn.no, alt som potensielt kunne tene familien og oppfylle ein felles draum. Og eg tok sosialt ansvar då eg la ut oppdateringar og koselige bilder av familien på Facebook - og etterkvart på Instagram. Det var meir enn han kunne si om alle timane han brukte på Candy Crush og Wordfued og sjakk og Gud veit alt han dreiv på med. Dette blåste Stian foraktfullt av: Fellesskapets interesse? På Facebook? Ja! Protesterte eg, og gjentok: Fellesskapets interesse! Ta til dømes Jacob, som aldri har hatt det lett med det sosiale, sjå på han no! Han blomstrar!

Facebook var i sanning Jacob sitt medium. Vi trudde alle at han hadde gått fullstendig i frø med alle sine fobiar og samanbrot og sosial angst. Det overraska mange då han ikkje berre kom seg på Facebook, men raskt fekk ein stor tilhengarskare som følgde dei daglege oppdateringar og betraktningane hans om politikk, samfunn og kunst. Han var forbløffande kunnskapsrik, og delte raust med alle, svarte alltid samvitsfullt på alle kommentarar og bidrog til å halde oppe eit anstendig nivå på samtalanane på Facebook. Han held seg alltid for god for å søkke ned i den kjekke, ironiske tonen, som var så typisk blant samfunnsdebattantane på Facebook på den tida. Han tok alle på alvor, både venner og motstandarar, i uendeleg lange trådar. Snart begynte avisene å sitere oppdateringane hans, og fleire forlag tok kontakt for å gi dei ut i bokform. Jacob var på dette tidspunktet uføretrygda og brukte all si tid på Facebook. I perioden 2010 – 2015 blei han i praksis gjenfødd som sosialt vesen. Alle visste kven han var, og han blei ofte referert til, som ein som alltid hadde eit nytt og overraskande perspektiv. Ja, som ein vi ikkje kunne klare oss utan. Når det skjedde noko dramatisk i samfunnet, var vi mange som straks gjekk inn på Jacob sin vegg for å sjå kva han skreiv om saka. Han var ikkje berre skarp og analytisk, han hadde også eit varmt hjarte for utstøtte grupper, som han sannsynlegvis må ha kjent fellesskap med. Samtidig såg vi alle kor det bar. Stadig fleire bøller og hatarar infiltrerte trådane hans, og det blei for mykje for han å oppretthalde den saklege samtalen. Det blei meir og meir støy, færre og færre av hans allierte orka å bruke tida på alle dei irrasjonelle hat-innlegga, og snart var det Jacob mot røkla. Eg kan ikkje førestille meg kor tungt og einsamt det etter kvart må ha blitt for han. Ein dag sletta han berre profilen sin. Eg har hørt at det flytta ei kvinne inn til han, men eg veit ikkje.

Då det blei slutt mellom meg og Stian var eg meir på Facebook enn nokon gong. Seinare har eg forstått at dette er eit sikkert teikn på at noko skurrar, kanskje noko er i ferd med å kollapse totalt, kanskje ein alvorleg depresjon. Alt anna kunne rase saman rundt meg mens eg sat med

peikefingeren på F5 for å oppdatere sida kvart femte minutt. Ingenting gjekk meg hus forbi, og samtidig var eg ikkje til stade for nokon eller noko. Eg var alltid online, men ingen visste korleis eg hadde det. Eg veit ikkje kva som nagla meg til skjermen, om eg var redd for å gå glipp av noko, eller kanskje miste noko? Eg hadde allereie mista alt, familien, heimen, framtida. Var denne klamringa til Facebook eit forsøk på å henge fast i noko, kanskje i eit bilde av meg sjølv? Eg veit ikkje, eg var paralysert, kanskje med eit håp om at noko vidunderleg ein dag skulle springe ut frå ein av desse profilane, på ein av desse veggene? Eit vennleg ansikt, kanskje, ei hyggeleg helsing? Men korleis er det mogleg å møtast, når alle let som dei er nokon dei ikkje er? Ta Cecilie til dømes, ho som eg studerte sosiologi med på nittitalet, når blei ho så prektig? Ho som hang ut vindaugget frå eit kollektivet Nygårdsgaten og skreik at ho ville knulle! No er ho berre ein skugge av seg sjølv i smarte drakter og sjølvpromoterande oppdateringar frå karrierelivet i academia. Kven er det ho prøver å imponere? Og Trond Olav, trur han ikkje vi forstår kva det går i? Kvar veke legg han ut lenker til nokre politisk korrekte artiklar, ofte moralsk indignert over menn som oppfører seg dårleg mot kvinner i offentlegheita, og når fredagskvelden kjem får engasjementet meir vind i segla jo lenger ned i raudvinskartongen han kjem. I harmdirrande oppdateringar framstår han som våpendragaren til all verdas jomfruer. Og då er det alltid to-tre kvinner som konkurrerer om å gjere seg mest mogleg interessant for han i lange trådar. Men alle som kjenner han veit at han er ein alkoholisert sliten rundbrennar, med eit ti år gammalt profilbilde.

Eg scrolla meg gjennom Terje sine mange naturbilder, og bilder med venner som heva glasa til kvarandre, og ein del bilder med kjente turistattraksjonar i ulike land. Det var noko litt stivt med sjølvframstillinga hans, og det slo meg: Kanskje fordi det ikkje er sjølvframstilling? Han virka uttilpass i alle situasjonar, i kombinasjon med nokre litt hjelpelause oppdateringar, som at han var på veg til Helsinki, til dømes, ingenting meir enn det: «På veg til Helsinki!». Javel? Slike oppdateringar får ikkje mange likes, berre ein frå det som måtte vere mor hans. Kva var det å like, liksom? Helsinki?

På nokre av bildene hans var det ei kvinne, og det interesserte meg, ikkje utan eit lite stikk: Hadde han kjærast? Eg kunne ikkje hugse at han hadde sagt noko om ein ikkje kjæraste? Ho var opplagt ikkje mor til barnet, for då hadde han hatt bilder av ho og barnet saman. Kvinna såg heilt ordinær ut. Det var nesten påfallande, kven er det som anstrenger seg så lite? Alle ser bedre ut på bildene på Facebook enn dei ser ut i røynda. Det ligg mange års trening bak bilde av den mest flatterande vinkelen i det beste lyset og med det mest effektive smilet. Kvifor var

denne kvinna så likesæl med seg sjølv? Berre sitte der og smile med valkar og det lange lyse håret på halv åtte. Kanskje det var ei søster, eller noko? Eller liker han faktisk slike kvinner? Eg tok meg sjølv til det mørke håret og drog i dei korte lengdene. Det var uansett irrelevant, om han likte slike eller slike kvinner, mannen har jo ikkje humor! Oppdateringane hans var små, tørre rapportar med oppstilte bildex, som om det å poste på Facebook var forventet av han, noko han pliktskuldig gjorde. Det var ingenting som tyda på at han hadde ironisk distanse til noko av dette. Eg hadde garantert kjeda meg med ein så sakleg type. At han jobba i eit stort IT-selskap styrka mistanken om at han ikkje hadde humor, og det gjekk ikkje!

Blikket mitt fall ut av fokus og forbi skjermen. Eg kjente med handa i nakken igjen, det kjentes som ein brann. Eg strauk med handa over den venstre armen, også der var huda framleis varm. Korleis kunne ein så streit fyr, opplagt ikkje min type, få det til å brenne? Eg rista på hovudet. Det var sikkert berre noko eg innbilte meg. Når eg såg på profilen hans, såg eg absolutt ingen brannstiftar. Eg såg Terje, ein vanleg fyr i eit IT-selskap.

Eg sjekka alle våre 132 felles venner, og sende melding til ei av dei: Anne Lene, som eg blei kjent med på nordisk grunnfag lenge før Facebook. Vi mista kontakten då ho forsvann inn i bibliotekvesenet, men vi liker alltid kvarandre sine oppdateringar, og det gjorde det lettare å ta opp tråden. Eg spurte korleis det gjekk med familien og blabla, og gjekk raskt rett på sak: «Eg ser vi har ein felles venn, Terje Strand, korleis kjenner du han?». Svaret kom heldigvis kjapt: «Så hyggeleg å høre fra deg, vi burde møtast igjen snart! Eg kjenner ikkje Terje akkurat, men han var liksom alltid i kretsen rundt Rune og Henrik og dei. Eg var jo saman med Rune ei stund, så det er vel derfor vi er venner på Facebook. Hugsar han ikkje så godt, gjorde aldri så mykje ut av seg, men virka som ein grei fyr, ein som alltid var med.»

Vi snakka litt fram og tilbake, og då kom ho på litt meir. Terje hadde vore gift med ho som alltid jobba på Opera, ho med det lange lyse håret, Helene eit eller anna, men det tok slutt for hundre år siden. Ho og Terje fekk berre han eine guten saman, kunne Anne Lene fortelje, som eg for så vidt allereie hadde funne ut på eiga hand. «Eg trudde kanskje ikkje han var din type» skreiv ho smilande. «Det er han heller ikkje. Eg møtte han på ein fest og klarte ikkje plassere han.»

Vi blei einige om å ta den ølen snart, og så avslutta vi samtalen. Dei neste to timane følgde ei intens googling av Terjes eks, Helene. Då eg forstod kven ho var, hugsar eg henne godt frå alle timane frå den andre sida av bardisken på Opera. Det kunne sjå ut som ho hadde blitt

sjukepleiar og hadde eit tillitsverv, som ho var blitt intervjuet for i eit fagblad. Ifølgje den tilgangen eg hadde til Facebook-bilda hennar, var det no tre barn i livet hennar, ein stor gut, som altså måtte vere Terje sin, og to mindre – og ein mann. Ho var ikkje til å kjenne igjen på profilbiletet, og eg tok meg i studere henne inngående, korleis hadde åra fare med henne? Var ho, som så mange andre, blitt heilt kjerring, ei av dei som lever livet sitt gjennom barna på Facebook? Kva fortel det eventuelt om Terje? Eg drog pusten djupt. Ingenting. Absolutt ingenting! Kva var det eg dreiv på med? Eg logga ut og bestemte meg for å gjere noko. Kjøkkenet og badet flaut etter ei veke utan barna, no kom dei snart inn døra her med alt dei kom til å ha å fortelje. Eg ringte til Silje og sette høgtalaren på mens eg rydda. Eg klarte ikkje tolke lydane rundt henne til å skjønne kva ho dreiv på med, men noko var det. Det var Silje som i si tid fekk meg ut av transen etter samlivsbrotet. Ho overtalte meg til å komme meg på Tinder viss eg ville treffe nokon. Eg var ikkje sikker på om eg ville treffe nokon, men eg gjorde motvillig som ho sa. Det viste seg at eg både var for seint og for tidleg ute for Tinder. Det fall seg ikkje naturleg for meg, eg forstod ikkje korleis eg skulle selje meg inn for andre. Eg var konstant redd for å bli avslørt, for at nokon eg kjente skulle få vite at eg var på Tinder. Og då ein av fedrane på skulen sveipa meg, holdt eg på å dø av skam og sletta heile kontoen. Eg tenkte at det måtte vere mogleg å møtast på andre måtar.

--Kjenner du Terje Strand, spurte eg.

-- Terje?

--Strand, han som var saman med ho lyse som jobba å Opera i studietida.

--Eg hugsar ikkje, verken ho eller han.

--Neinei,

--Men spennande då, skal du møte han igjen?

-- Nei, sa eg kjapt, -- det har eg ingen planar om.

-- Kvifor ikkje?

-- Nei altså det er berre ein eg har møtt ein gong. Det var liksom ikkje full klaff.

--Full klaff?

--Ja, det var liksom ikkje full klaff, gjentok eg utålmodig. Det var tydeleg at ho var opptatt med andre ting, ho kunne berre sagt at det ikkje passa å snakke.

--Er du berre ute etter full klaff, sa ho.

Eg forstod ikkje spørsmålet.

--Er ikkje alle det?

Eg drog vaskefilla over kjøkkendisken og sa eg måtte gå. Vi blei einig om å møtast ein dag, og ha det bra så lenge. Eg såg bort på laptopen på bordet, og fekk ei murrande kjensle i magen. Eg logga meg inn igjen og såg på profilbildet til Terje. Det var kanskje typisk meg å vere så skeptisk? Han såg jo ut som ein fin fyr, og det stod ingenting om at han var i eit forhold. Det stod berre at han er interessert i kvinner. Det hadde eg for så vidt registrert, og med tanke på kor effektivt han hadde vrenget av meg kleda, var det kanskje ei stund sidan sist kvinne? Ho blonde på bilda måtta vere noko anna, ei venninne, eller noko, ein slektning, kanskje? Eg skulle plutselig ønske at han ikkje var interessert i kvinner – sånn i fleirtal. Det dunka i brystet då eg henta fram meldinga hans og begynte på eit svar. Eg skreiv nokre setningar, som eg straks strauk, begynte på nytt med nye setningar, som eg også strauk. Heile tida dunka det i brystet. Kva var det eg ville ha sagt? Jo:

«Sjølv takk for dansen, Terje»

Det kom ikkje noko svar. Kva hadde eg forventa? Det var ikkje ei melding som inviterte til vidare kommunikasjon, men likevel. Det var ei opning, var det ikkje? Eller kunne han tolke det som ei avvising? Og kva rolle spelte det? Eg googla namnet hans, kanskje var det noko eg hadde oversett? Noko av det første som kom opp var eit heilt middels resultat frå Stoltzekleiven opp. Burde han ikkje hatt bedre tid, til å vere ein som framstår som såpass sporty?

Eg googla meg sjølv, kva slags inntrykk fekk han av meg, viss han skulle komme til å google meg? Ein lærar på vidaregåande skule, kor spennande var det? Riktignok med eit brennande engasjement for nærmiljøet, kom det fram i nokre avisartiklar der velforeninga var intervjuet i forbindelse med ei utbyggingssak. Og kva hadde eg eigentleg liggande på facebookveggen min? Det hadde vore hyggeleg om han sjekka. Det var ikkje noko der eg trengte å skjemme meg over. Kanskje fann han noko interessant? Eg har mange spennande venner, eg skriv morosame oppdateringar, eg liker PJ Harvey og Homeland og Cate Blanchett, og eg liker å lese. Eg scrolla nedover på veggen min. Eg var iallfall ikkje ei av dei som dokumenterte kvar minste ting eg gjorde, sånn som enkelte: Sjå, no er eg her! Og no er eg her! Kven er det som liker sånne folk? Eg visste intuitivt kva som var innafor å publisere, og kva som var dumt eller intimiserande. Det kom aldri mor mi til å lære seg, og det var ein av grunnane til at eg hadde ein låg publiseringsfrekvens. Kvar gong eg posta på Facebook, kommenterte ho det, som om det var eit bilde eg sendte direkte til henne, ofte fullt av skrivefeil, formulert i ein

privat tone, som om vi var åleine på den veggen. Ofte publiserte ho ting på veggen min også, invitasjonar til å bli med i grupper med humanitært føremål. Som om det å melde seg inn i ei facebookgruppe nokon gong hadde stoppa krigar eller svolt eller livsfarlege sjukdommar.

Eg løfta armen til nasen, men lukta hans var ugjenkalleleg borte etter dusjen, og i ein augneblink fekk eg ei kjensle av sorg, som om eg hadde mista noko. Kva skulle eg ha mista, lukta av eit anna menneske på huda mi? Spor av kontakt? Ei mogleheit? Eg reiste meg brått frå stolen for å bryte transen, og såg at klokka nærma seg tida då Stian ville komme for å levere jentene. Snart ville dei ramle inn her og fylle dagane med alt sitt. Då ville det ikkje lenger vere tid til dette tullet.

--Det er ein heildagsjobb å halde dei unna skjermene, sa Stian og slapp frå seg bagane til jentene på golvet i gangen. Etter å ha gitt meg ein klem, fortsette dei inn i stua med nasene i kvar sin mobil. Dei var framleis raude og friske i kinna etter søndagsturen med Stian og den nye familien hans. Eg visste, utan å snu meg etter dei, at dei straks krøka seg saman i sofaen, i favorittstillingane sine, og kjente seg som heime.

--Eg håper vi kan vere nokon lunde samkjørte når det gjeld skjermtid, held Stian fram. Ein gammal irritasjon reiv i meg, og eg fekk lyst å gjere det motsette av det han sa. Når det gjeld barnas skjermbruk har han så strenge reglar, at eg verken klarte eller ville følgje hans standard.

--Det er jo ikkje sånn at alt det som skjer på skjermene deira per definisjon er nedbrytande og kvar einaste tur i skogen, uansett ver og vind, er oppbyggeleg, sa eg.

-- Eg trur du forstår kva eg meiner, sa han.

-- Er det sånn at berre dei har sett ein levande fugl på ei grein ein søndag, kan du gå til sengs med godt samvit? Men dersom dei bygger avanserte konstruksjonar i Minecraft er dei forsøpla?

Stian himla med augo. --Kan du vere litt mindre passiv-aggressiv?

--Eg er ikkje passiv, mumla eg, men bestemte meg for å legge diskusjonen død. Han skulle alltid vere så mykje betre enn meg. Verdiane hans var alltid forankra i noko ekte og autentisk og fysisk. Vi måtte aldri vise for ungane at vi var på skjermene seint og tidleg sjølv. Viss eg las ei avis på mobilen rundt frukostbordet, blei han irritert, mens han sjølv satt og flagra og bråka med papiravisa. Han meinte det var meir sosialt. Etter at han flytta ut har eg sagt opp alle papirabonnement.

Då Stian hadde gått, kraup eg opp i sofaen til jentene og slik sat vi tett omslynga med kvar våre skjermar, småskravla og viste kvarandre bilde frå veka som hadde gått. Eg tok ein selfie av oss også, og dei ropte straks at dei ville sjå! Legg det ut, ropte dei. Og eg gjorde som dei sa, posta det rotete sofabilde av oss og skreiv noko om at det var deilig å få jentene sine heim igjen.

--Kor mange likes fekk du?

--Allereie fire, sa eg.

Og så fall dei tilbake i sofaen med kvart sitt, og dei hadde sånne rolege, harmoniske ansikt.

Det var ikkje berre Stian som hadde vore på tur med barna den fine søndagen. Eg var sannsynlegvis den einaste som var fyllesjuk. Søstra mi hadde lagt ut bilde frå ein gyllen augneblink der begge ungane smilte og lo i mektig natur og skarpe kontrastar. Sannsynlegvis smilte dei fordi dei nett hadde fått den sjokoladen dei hadde blitt lova heile turen. Ungane til søstra mi smiler ikkje i tide og utide. Eg har vore på tur med dei før, eg veit kor mykje det kostar henne å gi dette inntrykket. Ho begynner å planlegge allereie når ho står opp, kva klede ungane skal ha på seg og kva nistepakkar som tar seg best ut på bildet. Det er mykje å tenke å for å få eit perfekt bilde av ein søndagstur. Ungane er ein ting, komposisjonen og lyset er ein anna ting, og ingen er einige om at det hadde vore ein fin tur før mor har fått eit bilde ho kan legge ut. Eit fint bilde med overveldande respons på Facebook, kunne hjelpe henne gjennom alle dagane med sure og kranglete ungar, ofte var det berre så vidt ho orka dei, men det er det ingen som kan sjå.

Mens vi låg slik med kvar våre skjermar, klikka eg meg inn på profilen til Terje igjen. Eg klikka meg gjennom alle våre felles venner, eller rettare sagt våre felles kvinnelege venner, dei fleste ganske perifere venner av meg. Hanne frå ex.phil, korleis gjekk det med henne? Eg hugsar ho var utsvevande allereie den gong. Vi var på nokre festar, men vi har ikkje halde kontakten. På veggen hennar låg det fleire lenker til artiklar og sider om psykisk helse, og då tenkte eg mitt. Det var alltid noko edgy med henne. Men eg blei nysgjerrig og søkte vidare i gamle profilbilder. Eit av bildene var litt oppsiktsvekkande, ho hadde på seg ein cowboyhatt og bare skuldre, ho snudde seg mot fotografen med ein sneip i munnviken. Blikket var litt tungt og slørete. Det mørke håret hang stritt ned. Ho såg hot ut. Eg såg på kommentarane under bildet at det var mange som syns det var fint. Blant 152 likes såg eg også namnet til Terje, og av grunnar eg ikkje kan forklare, kjente eg eit stikk i magen. Eg visste jo veldig

godt at ho ikkje var så hot som dette bildet viste, tvert imot, ho var jo heilt sprø heile dama, men likevel begynte eg å scrolle gjennom veggen hennar. Der var det fleire harry bilder frå solsenger og djupe utringingar og drinkar, og Terje likte alle saman! Herlighet, kven var han? Til eit av bilda skreiv han til og med ein kommentar: Smashing! Eg som hadde fått inntrykk av at han både var litt klønete og litt sjenert. Ingen sjenerte folk skriv at andre folk er smashing sånn at alle kan sjå – med mindre dei har noko å tene på det, men her var det ingenting å tene! Kva i all verda kunne folk tene på å halde seg inne med Hanne frå ex.phil? Ikkje nok med at Terje likte alle oppdateringane hennar, han var også interessert i alle arrangementa ho hadde meldt seg på. Var han forelska i henne? Og kva med Eline Salvesen, til dømes, kvifor måtte han like alt ho la ut? Ho er absolutt siste sort på Facebook. Ingen likes er tilfeldig, ingen bursdagshelsingar, ingen smile – eller klappe-emoji, ingen smiskete kommentarar. Alt ho gjorde på sosiale media var ein del av det evig sjølvrealiserande prosjektet hennar. Eg forstod det ikkje. Korleis kan folk stole på folk som berre vil bli sett? Og kvifor blir dei ikkje avslørt? Kvifor var det var så mange som likte Eline Salvesen? Kvifor var det så mange som heia på heilt middelmådige folk? Kvifor heia Terje på Eline Salvesen? Eg såg at han likte fleire av dei utstuderte oppdateringane hennar, og det var skuffande. Ingenting er meir uforpliktande enn folk sine statusoppdateringar, det er ikkje sånn at folk MÅ ta stilling til amaronen som Eline Salvesen deler med ei venninne ein fredag kveld! Eg såg på klokka og visste at eg snart burde lage kveldsmat til jentene og kanskje lese ei bok for dei, kanskje spele eit brettspel, men eg klarte ikkje rive meg laus, og jo meir eg scrolla, jo verre følte eg meg. Eg blei overmanna av ei nesten lammande kjensle av einsemd. Ikkje berre på grunn av alle glansbildene og happy families som rulla over skjermen, det var for så vidt greit nok, eg syns ikkje folk sine liv og kvar dagar var uinteressante, men det var alt det andre. All sjølvskryt og gjensidig smisking og mangelen på cut the crap. Var det berre eg som syns Eline Salvesen var skamlaus, og at Stein Tore Berg var ein sjølvgratulerande idiot? Var det ingen andre som såg det? Kvifor måtte alle heie på alle? Kunne det ikkje berre vere eitt menneske der ute, som syns det same som meg? Eg hugsa eg tok det opp med nokre venner ein gong, at eg syns det var så mange som blamerte seg på Facebook. Folk som publiserer mykje på Facebook, blamerer seg før eller sidan, sa eg, men dei såg berre rart på meg: Og kva så? Dei sa eg ikkje måtte ta det så alvorleg. Det er vel ikkje så nøye, det er jo berre Facebook, sa dei, alle veit korleis det er.

Det hadde gått fleire timar sidan Terje hadde lagt meg til som venn. Han hadde hatt god tid til å like nokre av mine oppdateringar, viss han var interessert i å signalisere noko, men eg såg

ikkje teikn til noko slik interesser. Eg såg på den ubesvarte meldinga eg hadde sendt til han «Sjølv takk for dansen, Terje». Eg grøssa. No var det så lenge sidan han hadde lese den, det var lite sannsynleg at han ville svare, og kva skulle han si? Takke for dansen ein gong til? Hadde eg i det minste stilt han eit spørsmål! No var det blitt umogleg for både meg og han å følgje dette opp på ein verdig måte.

Eg sjekka profilen hans igjen, og såg at han nettopp hadde oppdatert statusen sin med eit vakkert bilde av kveldens solnedgang frå det som måtte vere hans veranda. Han skreiv: Farvell veke 38, velkommen veke 39. Eg studerte utsikten på bildet, var det ikkje noko kjent med det. Var ikkje dei husa eg såg mønet på dei same husa som ligg like over Kiwi-butikken her oppe? Hadde vi den same utsikten, den same nærbutikken? Full av friskt mot og nytt påskot til å ta kontakt, skreiv eg ei melding til han: «Fint bilde du posta på veggen din, skulle nesten tru vi var naboar!» Dette svarte han på umiddelbart, og vi gav begge lystig uttrykk for kor lita verda er, og kor godt vi begge liker å bu her, så nærme fjellet og fine turområder. Han meinte det nok meir enn meg, men det var ein vanleg ting å seie, og eg smurte tjukt på. Eg skreiv ei ny melding før han hadde svart på mi, eg blei så ivrig. Då jentene sa dei var svoltne, hysja eg på dei og sa dei skulle vente. Ikkje no, sa eg, og så skreiv eg endå ei melding. Eg spurte om han hadde hatt barn på skulen her, og det hadde han, men no hadde guten hans begynt på ungdomsskulen. Det er skremmande kor fort tida går, skreiv han, og eg kunne også fortelje kor fort eg syns tida gjekk med mine barn, eg har to jenter, skreiv eg, og vi sende kvarandre vennlege, smilande emojis, og eg kjente kor godt eg likte å snakke med han, kor lett det var, og kor lyst eg hadde til å fortelje han mykje. Eg spurte om han hadde testa ut den nye, vesle nabolagspuben, men det hadde han ikkje. Eg hadde mykje fint å seie om puben, dei hadde eit veldig godt utval av øl frå mindre, lokale bryggeri, skreiv eg. Det syns han hørt bra ut, han var langt over gjennomsnittet interessert i øl. Han ville absolutt sjekke ut den puben, skreiv han, og det var då eg spurte om vi kanskje skulle møtast der ein dag?

Det tok ei stund. Eg såg at han begynte på ei melding fleire gonger. Det banka i brystet. Eg tenkte på natta, på dansen og dei nakne kroppane våre, kleda som låg strødd på golvet, handa hans i nakken min, som fekk det til å brenne, og ei heilt ny lukt på huda mi. Det dunka i heile kroppen min, og endeleg kom svaret:

Det hadde vore hyggeleg, men eg har sett litt på profilen din, og eg trur dessverre ikkje du er heilt min type.